

Fra: Gerhard Inge Storebø (gerhard.i.storeboe@sund.kommune.no)

Sendt: 19.10.2017 08:44:02

Til: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

Kopi: Sund kommune; Oddlaug Hansen

Emne: Investeringsprogram RTP 2018-2029

Vedlegg:

Sund kommunestyre handsama sak om investeringsprogrammet på møte 18.10. 2017 – og fatta slikt vedtak:

1. Sund kommunestyre er nøgd med at nord-sør-vegen på Sotra har fått prioritet 1 i investeringsprogrammet. Kommunestyret vil arbeida for å få på plass ei finansieringsløyseing for opprusting av denne vegen så snart reguleringsplan med kostnadsoverslag ligg føre våren 2018. Sund kommunestyre legg til grunn at tiltaket må delfinansierast med bompengar.
2. Sund kommune har fleire uløyste oppgåver knytte til fylkesvegane elles. Spesielt kan nemnast opprusting av vegane til næringsområda på Skaganeset og i Porsvika. Trafikksikring er ein viktig del av desse opprustingstiltaka. Kommunen har utarbeidd planar og sikra grunnavtaler – og vonar på å få til spleiselag med fylkeskommunen som vegeigar.
3. Sund kommunestyre forventa at forskotteringa ved utbetring av FV 555 på Hammersland skulle verta utbetalt i investeringsprogramperioden 2018-2029. Kommunen vil be om ei ny vurdering på dette punktet.
4. Sund kommunestyre vil framleis arbeida for å få realisert ferjeavløysingsprosjektet Lerøy-Bjelkarøy-Hjellestad – og vonar på eit godt samarbeid med fylkeskommunen om dette.

Utskrift av møteboka vert ettersend når den er klar.

Med venleg helsing

Gerhard Inge Storebø